

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Teams, Digitalt

Dato: 15.01.2021

Tidspunkt: 09:00-10:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Bjarne Eiolf Holø	Nestleder	
Magnhild Vik	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	
Torbjørn Rødstøl	Medlem	
Per Magnus Berdal	Leder	
Hans Kristian Enge	Medlem	
Live Langøygard	Medlem	
Edel Kveen	Medlem	
Inger Line Flydal	Medlem	

Merknader

Torbjørn Rødstøl har kladda eit brev til SVV, for å følgje opp møtet 14.12.20, og gje tydelege signal for å påverke prosessen om ny E136 i Romsdalen. SVV har i lokal presse signalisert at dei kan vera ferdige til å leggje fram planane for strekninga Flatmark – Marstein alt før påske.

I samråd med styreleiar og Torbjørn Rødstøl, vart utkast til brev sendt ut på -post til styremedlemmane rett før møtet, for vurdering i styremøte.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mai Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Bjarne Eiolf Holø
Sign

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2021	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/2021	Orienteringar Rauma - reguleringsplan - E136 Flatmark - Monge – Marstein. Oppfølgingsbrev frå Nasjonalparkstyret til SVV i etterkant av møtet 14.12.20		2019/7272
ST 3/2021	Referatsaker		
ST 4/2021	Delegerte saker		
DS 1/2021	Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2024 - snødekt mark - Saustad - Bergebue - Nørdre Grønvassbue - Storvassbue - Storhøtjønnebue / Skurveosbue - Lesja fjellstyre		2020/13338
DS 2/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2021- motorbåt - Leirungsvatnet - Stein Magne Lundemo		2020/12411
DS 3/2021	Reinheimen NP - Ulvåalsvatnet - dispensasjon - motorferdsel 2020 - motorbåt - fiske - Pål Henrik Seyffarth		2020/12901
DS 4/2021	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - bar mark - snødekt mark - motorbåt - Småstølen - Odd Erik Hjelle		2020/12789
DS 5/2021	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes		2020/13782
DS 6/2021	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark -hytte i Brøstdalen- Bjørn Kåre Alnes		2020/13783
DS 7/2021	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2021 - 2025 - transport av ved / brensel / proviant - Lordalen - gbfnr 157/1/10 - Anne Nafstad Lyftingsmo		2020/11623
DS 8/2021	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - Tertitt Strand		2020/11135
ST 5/2021	Klage på vedtak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)		2020/14012

ST 1/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 15.01.2021

Hans Kristian Enge foreslo at brevet frå Torbjørn Rødstøl til SVV, blir behandla som eiga sak i møtet.

Vedtak

Styret støtta forslaget frå Hans Kristian Enge.

Ingen andre merknader til innkalling og sakliste.

Bjarne Eiolf Holø vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 2/2021 Rauma - reguleringsplan - E136 Flatmark - Monge – Marstein. Oppfølgingsbrev frå Nasjonalparkstyret til SVV i etterkant av møtet 14.12.20

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 15.01.2021

Styret meiner brevet frå Torbjørn er bra, og fangar opp det som var oppe i drøftinga på møtet med SVV 14.12.20. Det er framleis viktig at Nasjonalparkstyret gir tydelege innspel til planprosessen før planprogrammet blir vedteke. Styret ber om at brevet blir oversendt til Statens vegvesen med styreleiar sin signatur.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at forvaltar sender ut følgjande brev til Statens vegvesen, som ei oppfølging av drøftinga under informasjonsmøte 14.12.20:

Merknader frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen, etter møte med SVV, 14.12.20

Vegparsellen Flatmark – Monge går gjennom Romsdalen landskapsvernområde, som etter verneforskrift § 3, pkt.1.1, er verna mot inngrep av alle slag. Vegbygging er døme på eit tyngre inngrep som i utgangspunktet er forbode i Romsdalen landskapsvernområde. Under utarbeiding av verneforskrifta var ein fullt klar over at infrastruktur, som veg og jernbane gjennom området, måtte ha ein viss moglegheit til opprusting og fornying. Derfor er det gjennom forvaltningsplanarbeidet teke høgde for at det kan vera behov for opprusting av veg og jernbane, og gjeve konkrete føringar for korleis ein må forhalda seg til vernereglane ved omlegging/opprusting av E 136. Godkjent kommunedelplan tar i stor grad omsyn til desse vernereglane, og bygger på gode kompromissar frå alle partar.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen (NPR) kan ikkje sjå at Statens vegvesen (SVV) har teke nødvendig omsyn til vernereglane i planlegging av ny vegtrase gjennom Romsdalen. NPR viser til si høyringsuttale i saka, og til brev av 23.04.19, og 22.10.20.

Med bakgrunn i vernereglane, tilrådde NPR at det ikkje vart arbeidd vidare med alt. 3 og 4, da dei alternativa ikkje er i samsvar med gjeldande verneplan. NPR kan ikkje sjå at SVV har teke omsyn til uttala frå NPR, da det framleis blir lagt mykje ressursar i planlegging etter desse alternativa.

Alt. 1 og 2 som var ute på høyring, er alternativ som NPR kunne tilrå at ein gjekk vidare med. Det er likevel gjort omfattande endringar på alt. 1 og 2 etter høyringa, som inneber store inngrep i verneområdet og på verneverdiane. Endring i alt. 1 og 2 vil føre til ei rasering av det gamle tunet på Nordre Flatmark. Dette er stikk i strid med høyringsuttala. Den skriftlege grunngivinga for denne omlegginga er i følgje SVV at Bane Nord ber om ein 30 m aukeing av kurveradien på jernbanetraseen, til 300 m.

Under teams møtet mellom SVV og NPR 14.12.20, vart SVV konfrontert med at ein slik aukeing av radiusen berre ville føre til små endringar i opphaveleg trasé, og at dette ikkje kan vera nokon haldbar grunn for at jernbanen må førast gjennom det gamle intakte gardstunet. SVV sa seg i møtet einige i det, men drog fram andre forhold som grunn for omlegginga, og sanering av bygningane.

Sidan det som fyrst vart oppgjeve som grunn for omlegginga er eliminert, forventar NPR at SVV bidreg til positiv tenking og samarbeid, og lyttar til NPR sine innspel.

Forslaga i dei fyrste alternative vegtraseane 1 og 2, utgjer allereie vesentlege inngrep i verneverdiane i Romsdalen. NPR ser likevel ein moglegheit for å kunna kompromisse på dette, for å få til ein god og trygg vegtrase gjennom Romsdalen. SVV ønsker og ein omlegging av jernbanen for å få ein betre praktisk gjennomføring av kryssinga av veg og jernbane som NPR kan vurdere å godkjenne.

NPR kan som vernemyndigheit ikkje leggje verneomsyn til side, og forventar at SVV går tilbake til dei fyrste utkast til alt. 1 og 2, med 300 m radius på jernbanen. Fyrste alt. 1 og 2 vil kunne ivareta verneverdiane, ta vare på tunet på Nordre Flatmark gard og dyrka marka på ein best mogleg måte. Dette er og som nemnd dei skisserte alternativa som har vore ute på høyring, og som er lagt til grunn for alle høyringsuttalar. NPR ser det som ein dårleg strategi frå SVV å leggje fram 4 alternativ som ein på førehand veit ikkje kan godkjennast av NPR.

ST 3/2021 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 15.01.2021

Det vart referert til at det i 2021 blir ein del fornying av fleirårige motorferdsel saker, og at det i Reinheimen er ein del spesielle saker knytt til drift av basestasjonar for naudnett, fjellstyrene si verksemd i fjellet og Skjåk allmenning, Eidsiva Energi, NVE, private eigarar av hytter, buer og setre.m.fl. Vedtak i kurante motorferdselsaker er delegert til forvaltar, men sidan det er mange nye styremedlemmar i 2021, vil det vera rett å orientere om desse sakene i styremøte utover vinteren.

Vedtak

Referatsak vart teke til orientering.

ST 4/2021 Delegerte saker

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -
15.01.2021**

Vedtak

Delegerte saker vart teke til etterretning.

DS 1/2021 Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2024 - snødekt mark - Saustad - Bergebue - Nørdre Grønvassbue - Sturvassbue - Storhøtjønnebue / Skurveosbue - Lesja fjellstyre 2020/13338

DS 2/2021 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2021- motorbåt - Leirungsvatnet - Stein Magne Lundemo 2020/12411

DS 3/2021 Reinheimen NP - Ulvådalsvatnet - dispensasjon - motorferdsel 2020 - motorbåt - fiske - Pål Henrik Seyffarth 2020/12901

DS 4/2021 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - bar mark - snødekt mark - motorbåt - Småstølen - Odd Erik Hjelle 2020/12789

DS 5/2021 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes 2020/13782

DS 6/2021 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark -hytte i Brøstdalen- Bjørn Kåre Alnes 2020/13783

DS 7/2021 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2021 - 2025 - transport av ved / brensel / proviant - Lordalen - gbfnr 157/1/10 - Anne Nafstad Lyftingsmo 2020/11623

DS 8/2021 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - Tertitt Strand 2020/11135

ST 5/2021 Klage på vedtak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - UK Royal

Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 15.01.2021

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Møre og Fjordane Heimeverndistrikt 11 (HV11) til følge. Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på Arbeidsutvalet (AU) – Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak i sak 2/2020, om avslag på søknad om motorferdsel med snøscootrar inn til Grønbue i Reinheimen nasjonalpark, og til Nysetra i Lordalen landskapsvernområde.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.